

Kartlegging av kommunane sitt arbeid med berekraft

Politisk støtte gir fart og retning til kommunanes berekraftarbeid i Vestland!

FNs 17 berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å gjere ende på fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Kommunane i Vestland har bidratt i kartlegging av korleis det står til med berekraftarbeidet i regionen.

Kommunanes innsats er viktig for å nå måla. Fleirtalet av kommunane som har bidratt i kartlegginga har innarbeida berekraftmåla i kommuneplanen. Helse og livskvalitet, god utdanning, berekraftige byar og lokalsamfunn og samarbeid kjem høgt opp blant prioriterte mål. Mange kommunar har fokus på medverknad og samarbeidar med innbyggjarar, frivillighet og næringsliv om berekraftmåla. Flesteparten av kommunane trur det vil vere til hjelp å kunne tallfeste eigen framgang frå år til år, og samanlikne seg med andre kommunar i Vestland.



”Om du vil få store ting til å skje, må du bevege massane”

”Me kan dele erfaringar på konkrete tiltak, kunnskapsgrunnlag, erfaringsdeling”
- Stad kommune

”Vi kan dele erfaringar frå heilskapleg planarbeid og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.”
- Gloppen Kommune

”Vi kan dele erfaringar frå prosjektet *Fields of goals*, der kommunen sitt arbeid med implementering i kommuneplanprosessen er omtalt”
- Sunnfjord kommune

”Kommunen kan dele erfaringar frå tverrfagleg arbeid i kommuneorganisasjonen og arbeid med berekraftmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel.”
- Bjørnafjorden kommune

”Formuler ein visjon, set mål og oversett til korleis kvar einiskild kan jobba mot måla i sin arbeidskvardag. Gjer orda om til handlingar og vis korleis ein praktisk kan jobba med berekraft. Når folk har mottatt og forstått oppdraget, vil dei bevege seg i retning mot visjonen.”
- Askøy kommune


”Vi kan dele erfaringar frå enkelte tiltak kommunen har gjennomført”
- Årdal kommune

”Vi har eit pågåande prosjekt om partnerskap for klimaleiing mellom kommune og næringsliv. Her kan me dele erfaringar på sikt.”
- Stord kommune


”Vi kan dele erfaringar med planføresegner knytt til berekraft, biologisk mangfald, naturfare, klima og energi i arealdelen.”
- Etne kommune

Korleis arbeidar kommunane med berekraftmåla, og kva forhold påverkar arbeidet?

Kven er pådrivar for berekraftarbeidet i kommunane?



Har de politisk støtte i arbeidet?




Kartlegginga viser at arbeidet med å nå berekraftmåla har brei politisk støtte i kommunane i Vestland. Berekraftmåla har høg prioritet og folkevalde og administrasjon driv utviklingsarbeidet fram i lag. Andre aktørar som vert trekt fram er nasjonale og regionale mynde, næringsliv og innbyggjarar, lag og organisasjonar. I fleire kommunar fører berekraftsarbeidet til styrka samarbeid på tvers av fag og arbeidsområde, og med andre aktørar.


Flirtalet av kommunane som har bidratt i kartlegginga har innarbeida berekraftmåla i kommuneplanen. Fleire kommunar seier og at det er samanheng mellom berekraftarbeidet og styringssystem som økonomiplan og temaplanar.

Det som påverker framgangen i berekraftarbeidet mest er kapasitet og prioriteringar. Kunnskapsgrunnlag, kompetanse og ressursar er og viktig.

Korleis blir berekraftarbeidet i kommunane påverka?




I kva grad er berekraftmåla inkludert i kommunale planar?




Arbeid med berekraftmåla

Prioriterar kommunene noke av berekraftmåla?




Kva mål satsar kommunane spesielt på - dersom dei prioriterer enkelte mål



Indikatorar

Har kommunane utvikla indikatorar for å måle framgang i berekraftarbeidet?



Kva slags metodar eller indikatorsett brukar kommunane?




Samarbeid med andre - og kva kan fylkeskommunen bidra med?


Kva nettverk deltek kommunane i?




Kven er dei mest aktuelle samarbeidspartnarane for kommunane i berekraftarbeidet?




Samarbeid på tvers i kommuneorganisasjonen



Kva type samarbeid er mest aktuelle?




Ynskjer kommunane å delta i nettverk med andre kommunar og fylkeskommunen om berekraftarbeidet?




Kva ynskjer kommunane frå fylkeskommunen

Korleis kan fylkeskommunen bli ein god samarbeidspart for kommunane i berekraftarbeidet?



Samanlikning



Kva skjer no?

Vestland fylkeskommune brukar kartlegginga som ei styresnor for samarbeidet med kommunane om berekraftsarbeidet. Fylkeskommunen kan ha ei viktig rolle gjennom å bidra med kart, statistikk og analyse, tilskot og insentivordningar, kurs og seminar, formidling av metode og kunnskap og som part i ulike typar nettverksbaserte samarbeid. Dette vil vi følgje opp!

Vi takker deltakarane i kartlegginga og oppmoder alle kommunar i Vestland om å fortsette det gode berekraftsarbeidet som er i gang!

Spørsmål?

Spørsmål om undersøkinga kan du stille til Tina KM Sinclair- Tina.Kvammen.Mjos.Sinclair@vlfk.no og ragnhild.berge.feidje@vlfk.no